

**U-skulen utan godkjenning, men stengjast ikkje**

03.03.2008

**Miljøretta helsevern har no oppheva godkjenninga av Rosendal ungdomsskule, men det betyr ikkje at skulen blir stengt. Det er også mange elevar frå Uskedalen ved denne skulen.**

Det heiter i konklusjonen frå kommunelege I Oddvar Larsen og ingeniør Knut Evjen at skulen ikkje bør vera godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular fordi den ikkje lenger tilfredsstiller krava i forskrifta. Dei viser då til dei observasjonar som er gjort ved inspeksjon og også til manglande framdriftsplan for utbetring..

Det var sett forlenga frist til 15. februar for betring av vedlikehaldet og sanitæranlegget og det var vist til at skulen manglar tilfredsstillande belysning. Tekniske tenester har søkt om utsetjing og opplyst at ei nedsett prosjektgruppe skal koma med forslag om kva som skal gjerast og til kva tid før det blir gjort. Gruppa sitt arbeid skal leggjast fram for formannskapet for handsaming før sommarferien.

Men i tilbakemeldinga til Miljøretta helsevern/kommunelegen manglar det ein framdriftsplan med tidsfrist for utbetring av skulen.

Kva betyr det så å vere utan godkjenning etter forskrifta? Det betyr brot på myndigheitskrav, påpeikar Larsen og Evjen. Den praktiske konsekvens er at grunnlaget for eit helsemessig godt miljø i vidaste forstand er redusert i større eller mindre grad.

Men eit forskriftsbrot betyr ikkje at ein skule må stengje. Eit stengingsvedtak kan kommunelegen berre gjere som hastevedtak ved akutt helsefare, i påvente av politisk vedtak på bakgrunn av den dokumentasjon som ligg føre. Akutte og alvorlege helsefarer som tilseier stenging på kort sikt ligg ikkje føre så langt kommunelegen kan sjå..

Når det ikkje føreligg akutt helsefare, er det ei politisk avgjersle kva for tiltak som skal gjerast på lengre sikt: Stenging, eventuelt når, utbetring med tidsplan, alternative lokaler etc. Her vil økonomiske og praktiske vurderingar også komme inn.

Av Ola Matti Mathisen